

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Randaberg

Emne: Ting til legedom og vern
mot sykdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavanger G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eiga røynsle*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Om dette veit eg ikkje mykje. Ikkje andre heller. For 40-50 år sidan var det ofte at omreisande kramkarar reiste rundt og svindla med "giktringar". Sjølvsagt det var heilt verdlause messingringar, var det mange som let seg narra.

I avisene var det og vanleg å sjå ~~sjå~~ lysingar om elektriske belter. Reiersens belter til dømes. Eg trur nok at enkelte kjøpte dei.

To menn (dei hadde no vore over hundre år om dei hadde levd) kjende eg som hadde små tunne gullringar i öyro. Ringane var visst meint å vara til pynt.

Elles bruktes ein del arkana, særleg drykk av ymse slag urter.

Oppkok av ein lavart som veks på solsida av bratte steinar, gråsvart, skålforma, av storleik som ein to-öre eller ein fem-öre og med læraktige skåler, Oppkok av denne lavarten hadde ~~trudde~~ trudde folk fullt og fast var sikkert middel mot ein sjukdom som dei kalla "jordghost" antakelig det same som poliometitt. *7uf engelsk ghost*

Sjukdommen var heller sjeldan. Men dei blei som fete han, vart knøplingar.